

«Tysværskulen mot 2025 – Strategi for kvalitet»

GODT
Å LEVE

KJEKT
Å JOBBE

MYKJE
Å OPPLEVE



«Om du ikkje veit kor du skal... spelar det inga rolla kva retning du går i!»

Frå Alice i eventyrland av Lewis Carroll

«Tysværskulen mot 2025 – strategi for kvalitet» gir felles retning og forankring for arbeidet i skulen, og er eit godt grunnlag for dialogen mellom skule, føresette og kommuneleiing. Planen sikrar heilskap og samanheng i lærings- og utviklingsarbeidet for grunnskulen i Tysvær. Den bygger på [Opplæringslova](#), Læreplanverket [Kunnskapsløftet 2020](#) og nasjonal og internasjonal skuleforskning. Tekst i kursiv er sitat frå [Overordna del](#) av læreplanverket. I formålsparagrafen i opplæringslova finn vi mandatet for grunnopplæringa:

Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid med og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring

Framtida er ikkje bare langt der framme og lenge til, framtida er også her og no. Å skape gode skuledagar fylt med meistring og kjensle av å høyre til, er det viktigaste i oppdraget vårt.

Alt dette er godt samanfatta i Tysværskulen sin visjon:



«Læring for livsmeistring»

Tysværskulen skal inspirere elevane til å fokusere på eige utviklingspotensiale gjennom relevant, variert, utfordrande og inkluderande undervisning.

Etter ti år i grunnskulen skal elevane våre ut i verda. Korleis ser verda ut då? Noko veit me, men det meste er usikkert. Elevane må ha verktøy og kompetanse til å meistre liva sine og tru på at dei kan gjere ein forskjell. Dei skal ha ein ryggsekk med det dei treng, same korleis vegen deira blir vidare. Dei skal kjenne historia si og kulturen dei kjem frå, slik at dei har grunnlag for å bygge verdier og respekt for mangfald og vil ta vare på menneska og naturen rundt seg.

Det inneber at elevane i Tysvær skal utvikle kunnskap og ferdigheiter, slik at dei kan delta i arbeid og i ulike fellesskap i samfunnet. Elevane skal lære seg å tenke kritisk, og opplæringa skal fremme demokratisk og vitskapleg tenkemåte. Dei skal lære korleis dei saman kan delta i demokratiske prosessar og motarbeide ei kvar form for diskriminering og urett.




Med dette breie oppdraget treng vi noko stødige å navigere etter, og gode strategiar for å nå måla. Skuleeigar, skuleleiarar og lærarar i Tysvær kommune er forplikta til å ta «Tysværskulen mot 2025 – strategi for kvalitet» i bruk, og gi fokusområda i planen eit innhald som styrer utviklinga av skulane sin praksis til beste for elevane si danning og utdanning. Politisk og administrativ skuleeigar skal sikre at dei tilsette i Tysværskulen har høg og relevant kompetanse gjennom å tildele og prioritere ressursar slik at denne strategiplanen kan realiserast.

Strategiplan og tilstandsrapport er styringsdokument som er forankra i [kommunens heilskaplege plansystem](#). Skulane sine utviklingsplanar bygger på strategiplanen, og dei er grunnlag for skulesjefen sitt årlege dialogmøte med skulane.

Kartleggingar og analysar syner at det er særleg viktig for Tysværskulen å arbeide med inkluderande læringsmiljø, grunnleggjande ferdigheiter og heim-skule samarbeid framover. Desse tre fokusområda skal ein jobbe særleg med i Tysværskulen 2021-2025.

MODELL



I modellen blir dei tre områda ramma inn av fire overordna prinsipp for læring, henta frå overordna del i læreplanverket (LK20): *Fagleg og sosial læring*, *Aktiv elevmedverknad*, *Tilpassa opplæring* og *Å lære saman*

Prinsipp 1 - FAGLEG OG SOSIAL KOMPETANSE

Skulen har både eit danningssopdrag og eit utdanningsopdrag. Dei heng saman og er gjensidig avhengig av kvarandre.

Skulen skal støtte og bidra til elevane si sosiale læring og utvikling gjennom arbeid i faga og i skulekvardagen forøvrig.

Skulen skal sjå opplæringa i fag i lys av dei verdiane og prinsippa som heile opplæringa bygger på.

Skulen skal la elevane utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrang, og la dei få erfaring med å sjå moglegheiter og omsette idear til handling.

Eit sentralt prinsipp i det nye læreplanverket er fagleg og sosial læring, for den ein skilde elev og for elevane saman. Skulen skal legge til rette for livslang læring gjennom å motivere elevane til å utvikle seg og inspirere dei til å fortsette å lære. Ein skal bygge opp både fagleg og sosial kapasitet og mot til å strekke seg mot nye og utfordrande mål. Elevane skal sjølv vere med å eige denne læreprosessen, og lærarar og andre tilsette skal motivere dei til å utfordre egne grenser og støtte dei undervegs. Dybdelæring og forståing på tvers av tradisjonelle skulefag er gode verktøy, saman med undervegsvurdering som gir retning vidare for læringa. Fagleg og sosial kompetanse skal sjåast i samanheng og forsterke kvarandre.

Fagleg og sosial læring heng tett saman med tilpassa opplæring og aktiv elevmedverknad. Dette blir vidare utdjupa under fokusområda.

Prinsipp 2 - TILPASSA OPPLÆRING

Skulen skal legge til rette for læring for alle elevar og stimulere den enkelte sin motivasjon, lærelyst og tru på eiga meistring.

Skulen må gi alle elevar likeverdige moglegheitar til læring og utvikling, uavhengig av forutsetningane deira.

Det viktigaste i skulen er elevane si læring og utvikling. Opplæringa skal sørge for at alle elevar blir møtt som dei er, at dei opplever meistring og får utvikle seg fagleg og sosialt slik læreplanverket seier.

Dette skal som hovudregel løysast i fellesskapet, gjennom praktisk og variert opplæring som kjennest relevant for alle. For å få til dette må elevane få vere med i planlegging og vurdering av læringa si. Dei vaksne på skulen må støtte elevane i dette slik at alle får utfordre egne grenser.

Tilpassa opplæring heng tett saman med aktiv elevmedverknad og fagleg og sosial kompetanse. Dette blir vidare utdjupa under fokusområda.

Prinsipp 3 - AKTIV ELEVMEDEVERNAD

Elevmedverknad må prege skulen sin praksis. Elevane skal medverke og ta medansvar i læringsfellesskapet som dei skapar saman med lærarane kvar dag.

Skulen skal bidra til at elevane blir nysgjerrige og stiller spørsmål, utviklar vitskapleg og kritisk tenking og handlar med etisk bevisstheit.

Skulen skal la elevane utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrang, og la dei få erfaring med å sjå moglegheiter og omsette idear til handling.

Skulen skal gi elevane moglegheit til å medverke og til å lære kva demokrati betyr i praksis.

Gjennom medverknad i skulen skal elevane lære kva demokrati er i praksis. Dei skal oppleve at dei er ein del av demokratiet, og at meiningane deira blir høyrde. Elevar som er involverte i, og ser meininga med, det dei skal lære, er meir motiverte for å gå laus på nye oppgåver og halde ut når det blir vanskeleg. Medansvar for seg sjølv, for læringa si, og for at læringsmiljøet på skulen er trygt, er ein del av dette.

Dei tilsette i Tysværskulen skal difor jamleg arbeide med korleis dei kan fremme aktiv elevmedverknad og medansvar i undervisninga si. Ein skal legge til rette for at elevane i aukande grad får medverke og ta meir ansvar både fagleg, sosialt og demokratisk i løpet av åra i grunnskulen.

Aktiv elevmedverknad heng tett saman med fagleg og sosial læring, tilpassa opplæring og at lærarar og andre tilsette lærer saman. Dette blir vidare utdjupa under fokusområda.

Prinsipp 4 - Å LÆRE SAMAN

Skulen skal vere eit profesjonsfagleg fellesskap der lærarar, leiarar og andre tilsette reflekterer over felles verdiar, og vurderer og vidareutviklar praksisen sin.

Lærarprofesjonen må vurdere den pedagogiske praksisen sin for å møte enkeltelevar og elevgrupper best mogleg.

God skuleutvikling krev rom for å stille spørsmål og leite etter svar og eit profesjonsfellesskap som er opptatt av korleis skulen sin praksis bidrar til elevane si læring og utvikling.

Felles praksis på ein skule styrker elevane si læring og utvikling. Det verkar óg positivt inn på korleis den enkelte lærar og skuleleiar kan gjere jobben sin. Skular som lykkast godt, har ein felles plan for opplæringa. Skular der både tilsette og elevar lærer saman, har meir engasjerte elevar med gode resultat og høg trivsel.

For at opplæringa skal fremme motivasjon, læring og trivsel hos elevane, må dei vaksne stadig prøve ut ny praksis og lære av dei erfaringane dei gjer seg.

Kvar skule har difor sin eigen plan for utvikling av opplæringa. Denne tar utgangspunkt i «Tysværskulen mot 2025 – strategi for kvalitet» og kartleggingar av skulen. Skuleeigar har eit overordna system for nødvendig profesjonell utvikling, og det er etablert samarbeid på tvers av skular og fagfelt for å gjere opplæringa best mogleg for alle elevar.

Prinsippet om å lære saman heng uløysleg saman med fagleg og sosial læring, tilpassa opplæring og aktiv elevmedverknad, og er ein føresetnad for utvikling av skulane sin praksis innan dei tre områda som skal stå i fokus i Tysværskulen.



Inkluderande læringsmiljø

Skulen skal utvikle inkluderande fellesskap som fremmer helse, trivsel og læring for alle.

Skulen skal legge til rette for læring for alle elevar og stimulere den enkelte sin motivasjon, lærelyst og tru på eiga meistring.



Elevane utviklar identitet, sjølvbilete og haldningar i samspel med andre. I det daglege arbeidet heng emosjonell, sosial og fagleg utvikling tett saman. I eit inkluderande læringsmiljø er mangfald ein ressurs, og ein legg vekt på at alle skal kjenne at dei høyrer til og har ansvar for kvarandre. Fordommar og hat mot individ og grupper førebygger vi best med inkluderande skulekultur og demokratisk kompetanse.

Utdanninga skal fremje utvikling av personlegdommen til barnet, og teoretiske og praktiske dugleikar. Den skal skape respekt for menneskerettane og fremje haldningar om fred, toleranse og vennskap mellom folk. Utdanninga skal skape respekt for naturen og for barnet sin eigen og andre sin kultur. (FN's barnekonvesjon, art. 29)

Inkludering handlar òg om at opplæringa skal treffe alle elevar, uavhengig av bakgrunn, føresetnader og interesser. Praktisk og variert undervisning er med på å sikre dette. Den faglege delen av inkludering handlar om oppleving av meistring, og innverknad på eiga læring.

«Eg trudde ikkje at klassen min betydde så mykje for meg. Men det kjente eg verkeleg då me måtte ha undervisning heime» (jente 5. trinn)

«Dei vaksne på skulen må sjå at alle elevane har det bra og har nokon å vere med, for då lærer dei meir» (gut 3. trinn)

I Tysvær bidrar elevar, føresette og tilsette i skulen til at kvar og ein finn sin plass i fellesskapet og opplever seg verdsett. Opplæringa inkluderer alle. Godt tverrfagleg samarbeid støtter opp om dette.

Det inneber at:

- alle elevar opplever meistring og får støtte til si eiga faglege og sosiale utvikling
- alle har positive forventningar til kvarandre i skulekvardagen, og vi trur at alle vil og kan
- mangfald er ein ressurs
- ulike meiningar blir drøfta og respektert
- lærarar organiserer opplæringa med tanke på å inkludere alle best mogleg
- PPT er ein ressurs og støttespelar i arbeidet med å inkludere alle elevar i fellesskapet
- 'Betre tverrfagleg innsats' (BTI) fungerer til beste for elevane
- MOT blir brukt på 7.-10.trinn for å styrke gode og inkluderande læringsmiljø
- skuleeigar legg til rette for relevant kompetanseutvikling for dei tilsette i Tysværskulen
- skulane som deltar i nasjonal kompetanseheving, t.d. [Inkluderande Barnehage- og Skulemiljø](#) (IBS) deler kompetansen med dei andre skulane i kommunen

Slik veit vi om vi er på rett veg

Elevundersøkinga, foreldreundersøkinga og andre trivselsundersøkingar gir saman informasjon om korleis skulen ligg an i forhold til kjenneteikna på eit inkluderande skulemiljø.

Kvar skule analyserer informasjonen og set seg konkrete mål med tiltak. Desse blir systematisert i skulen sin utviklingsplan, som er styrande for bruk av tid og ressursar. I oppfølginga av planen blir måloppnåing evaluert, og tiltak blir justert ved behov.

Grunnleggande ferdigheiter

Skulen skal legge til rette for og støtte elevane si utvikling av dei fem grunnleggande ferdigheitene gjennom heile opplæringsløpet.

Dei grunnleggande ferdigheitene høyrer heime i alle fag.....Utviklinga av fagleg kompetanse skal difor skje i samspel med utviklinga av grunnleggande ferdigheiter i faget....

Dei [fem grunnleggande ferdigheitene](#) er

- Å kunne lese
- Å kunne skrive
- Å kunne rekne
- Munnlege ferdigheiter
- Digitale ferdigheiter

Desse ferdigheitene er grunnlaget for læring i alle fag og har betydning for utviklinga av elevane sin identitet, for sosiale relasjonar, for utdanning og arbeid og for deltaking i samfunnslivet.



I denne planperioden vil ein i Tysværskulen ha eit særleg fokus på skrivning som grunnleggande ferdigheit.

Gode skriveferdigheiter gjer elevane i stand til å ytre seg på ein forståeleg og hensiktsmessig måte om ulike emne, og til å kunne kommunisere med andre. Å skrive er sentralt i utviklinga av leseferdigheiter og ei støtte for dei andre grunnleggande ferdigheitene. Skrivning er òg ein reiskap for å utvikle tanken og dermed auka læring i alle fag. Gode skriveferdigheiter er ein føresetnad for livslang læring og for å kunne delta aktivt i samfunnslivet på ein kritisk og reflektert måte.

«Skriving er hardt arbeid da. Det kan vera kjedeleg. Men flaut å ikkje kunne skrive rett i kommentarfelt for eksempel... då blir du ikkje tatt seriøst liksom»
(gut 10.tr.)

«Når eg tenkeskriv i samfunnsfag eller KRLE føler eg at eg blir meir bevisst på kva eg lærer» (jente 6. tr.)

I Tysvær har elevane lærarar med god fagleg kompetanse, som arbeider variert, systematisk og målretta med skriving som grunnlag for læring i faga.

Det inneber at:

- lærar modellerer skriving og inspirerer elevane til å utvikle eigne skriveferdigheiter
- elevane har eit bevisst forhold til skriving som reiskap for læringa si i alle fag
- elevane beherskar rettskriving, grammatikk og setningsoppbygging
- elevane kan tilpasse tekst til mottakar og formål
- lærarane si vurdering undervegs gir elevane lyst og evne til å lære meir
- elevane er aktive i planlegging og vurdering av si eiga læring
- skuleeigar legg til rette for relevant kompetanseutvikling for lærarane

Slik veit vi om vi er på rett veg

Nasjonale kartleggingsprøver, Nasjonale prøver og andre kartleggingar av grunnleggande ferdigheiter gir samla eit godt grunnlag for å vurdere i kva grad elevane har fått eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Læringsstøttande prøver i skriving kan òg vere eit nyttig verktøy. Sluttvurderinga etter 10.trinn vil på sikt vise om arbeidet med skriveferdigheiter har påverka grunnskulepoenga i Tysværskulen positivt.

Elevundersøkinga gir informasjon om korleis elevane opplever at undervegsvurderinga støtter opp om læringa.

Kvar skule analyserer alle data og set seg konkrete mål med tiltak. Arbeidet med desse blir systematisert i skulen sin utviklingsplan, som er styrande for bruk av tid og ressursar. I oppfølginga av planen blir måloppnåing evaluert, og tiltak blir justert ved behov.

Samarbeid mellom heim og skule

Opplæringa skal skje i samarbeid og forståing med heimen, og samarbeidet skal bidra til å styrke elevane si læring og utvikling.

God kommunikasjon mellom heim og skule bidrar positivt til skulen sitt arbeid med læringsmiljøet og til elevane sitt oppvekstmiljø.

Samarbeidet mellom heim og skule er viktig både for læringsmiljøet på skulen og oppvekstvilkåra for elevane. Den faglege og sosiale utviklinga skjer i spennet mellom elevane sitt skulemiljø og heimemiljøet. Forsking syner òg at eit godt samarbeidsklima mellom heim og skule har positiv verknad på engasjement, sjølvregulering og trivsel. Det fører til betre læringsutbytte, færre åtferdsproblem, mindre fråvær og gode relasjonar til medelevar og lærarar. Dette gjeld for elevar i alle aldersgrupper.



Føresette seier i undersøkingar at dei ønsker å vere meir involverte og aktive i elevane si læring.

«I tida med heimeskule fekk me meir innsikt i det ungane gjer på skulen. Det var bra.»

«Digitale verktøy gjer det lettare for oss å ha kontakt med skulen om ungane våre og korleis dei ligg an.»

I Tysvær bygger kommunikasjonen og samarbeidet mellom heim og skule på forståing og respekt for at ein har ulike, men likeverdige roller i elevane si læring og utvikling.

Det inneber at:

- skulen og dei føresette møter kvarandre med respekt og positive forventningar
- skulen og heimen har ein tett, god og tillitsfull dialog
- skulen legg til rette for at føresette kan bidra aktivt i skulen sine rådsorgan, på foreldremøte og i utviklingssamtaler
- eleven, skulen og dei føresette samarbeider om elevane si læring og utvikling, og blir i fellesskap einige om korleis ein vil arbeide vidare

Slik veit vi om vi er på rett veg

I dialog mellom heim og skule får ein informasjon om kvaliteten på samarbeidet. Elevundersøkinga og foreldreundersøkinga gir supplerande informasjon om korleis samarbeidet mellom heim og skule er. Kartleggingar av elevane sine faglege prestasjonar seier noko om effekten av samarbeidet.

På bakgrunn av dialog og undersøkingar set kvar skule seg konkrete mål med tiltak og systematiserer desse i skulen sin utviklingsplan, som er styrande for bruk av tid og ressursar. I oppfølginga av planen blir måloppnåing evaluert, og tiltak blir justert ved behov.